

Arvid Daae Odland  
Løypetona 36  
5918 FREKHAUG

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/10063 - 20/31534

Saksbehandlar:  
Larissa Dahl  
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:  
28.05.2020

## Førebels svar med trong for opplysningar gbnr 336/121 Ådland nordre

Tiltak: Rehabilitering av kai  
Byggjestad: Gbnr: 336/121  
Tiltakshavar: Arvid Daae Odland  
Ansvarleg søkjar:

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 20.05.20 og saka har saksnummer 20/10063.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Det er trong for tilleggsdokumentasjon i saka:

1. Søknad om dispensasjon frå kommunedelplanen si føresegn 1.6.8 (felles anlegg for eksisterande bygningar), frå forbod å byggje i strandsone og frå planføremål i sjøen bruk og vern av sjø og vassdrag må sendast inn. Den skal grunngjevast. Sjå rettleiing på våre heimesider eller linken nedanfor:

<https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/skal-du-byggje-endre-eller-rive/nabovarsel/>

2. Bergen hamn skal uttale seg om tiltak i sjøen. Du må ta kontakt med mynde og sende uttale til oss før vi kan handsame saka vidare.
3. Søknad om dispensasjon og byggjetiltak må nabovarslast og sendast inn til kommunen.
4. Teikningar i målestokk før og etter tiltaket skal sendast inn til kommunen.
5. Søknad om tiltak med ansvarsrett må sendast inn. Søknaden skal sendast av ansvarleg søkjar, ansvarsrettar skal belysast i gjennomføringsplanen. Erklæringar om ansvarsrett skal leggjast ved. Du kan velje om du søker først om dispensasjonen eller sender samla søknad om dispensasjon og byggjetiltak.

**Frist for innsending av dokumentasjon: 30.06.20. Har vi ikkje fått inn dokumentasjonen i tide vil saka bli handsama slik den er.**

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsmateriale til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida.

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	12 veker
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang. For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekerfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn. Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

### **Regelverk**

- Kommunen sine fristar for sakshandsaming går fram av byggesaksforskrifta (SAK) kapittel 7, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 21-7.

- Lengre frist kan avtalast, jf. pbl § 21-8.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik  
Avdelingsleiar

Larissa Dahl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arvid Daae Odland

Løypetona 36

5918

FREKHAUG